



ÅRSMELDING 2016



LUSTRABADET KF



ÅRSMELDING 2016



LUSTRABADET KF

Årsmelding Lustrabadet KF

Lustrabadet er eit kommunalt føretak (KF) som vart skipa 16.juni 2011 og opna 26.okt 2012. Luster kommune eig badeanlegget og drifta av anlegget er organisert gjennom Lustrabadet KF.

Hovudmål

Lustrabadet skal vere eit kostnadseffektivt regionsbad med høgt aktivitetsnivå. Føretaket skal være kjent for eit variert tilbod som gjev glede og velvære, samt betring av helsa i eit reint, trygt og serviceinnstilt miljø.

Styret

Styreleiar: Terje Bakke Nævdal
Nestleiar: Olaug Høyheim
Styremedlem: Anja Fardal
Styremedlem: Ingar Norberg
Styremedlem: Linda Goldmann (Tilsettrepresentant)
Varamedlem: Britt Brugrand
Varamedlem: Arne J. Hauge
Varamedlem: Stein Olav Njøs
Varamedlem: Camilla Bruheim (tilsettrepresentant)

Styret har avvikla 8 styremøter, samt handsama 69 saker i 2016.

Organisasjon

Organisasjonen Lustrabadet KF består av styre, dagleg leiar, teknisk leiar og 5,7 årsverk i turnus fordelt på 14 tilsette. Til saman 7,7 årsverk.

Dagleg leiar: Nina Gudevang. Vikar frå 22.februar Gunn-Mari Åsebø

Teknisk leiar: Siv Merete Marås (fødselspermisjon frå november 2015). Vikar heile 2016: Terje Skjerven.

Det er i eit likestillingsperspektiv og av praktiske årsaker fokus på ein fordeling mellom kvinnelege og mannelege badevertar skal være så lik som mogleg. Fordelinga er no ca. 62 % kvinner og 38 % menn i forhold til tal årsverk. Alderssamansetjinga er mellom 19 og 55 år. Dei kommunale retningslinjene er implementert, og skal sikra høg etisk standard og godt arbeidsmiljø.

Opplæring og kurs for tilsette

Alle fast tilsette har i 2016 gjennomført 2 livredningssamlinger med:

- Førstehjelp, ved eigen instruktør og Ove Fortun Førstehjelp
- Oppfrisking hjartestartar ved eigen instruktør og ambulansetenesta
- Livredning, bruk av ryggbåre i vatn og livredningsprøve ved eigen instruktør
- Scenario-gjennomgang
- Livredningsprøve med kle

Dagleg leiar har vore på HMS-kurs for leiarar (mars).

Dagleg leiar og tre av dei tilsette (alle tilsette fikk invitasjon) har vore på kurs om arbeidsmiljø, arrangert av Fagforbundet.

Sikkerheitsansvarleg har vore på livredningssamling. Vanngyminstruktør har vore på instruktørkurs i Aqua-fitness.

Ein erfarer at det er ein del utskifting av personell i deltidstillingar og tilkallingshjelp. Det har vore fokus på å betre rutinar og opplæring ved oppstart for nytilsette. Det er blitt jobba vidare med allereie eksisterande opplæringsplan. Opplæringsskjema er utbetra og det blir gjennomført oppfølgingsamtaler mellom dei nytilsette og dagleg leiar.

Lustrabadet er medlem i interesseorganisasjonen Badelandene. Organisasjonen har som formål å fremje utvikling og erfaring om drift av badeanlegg. Dette dreier seg om rutinar, reinhald, teknisk kompetanse, aktivitetar, kundepleie. Vidare er det sterk fokus på erfaringar og førebyggjande arbeid med tryggleik i badeland. Dette er ein kunnskapsbase for vidare utvikling. Dagleg leiar med fleire har delteke på samlingar i regi Badelandene.

Det vart gjennomført personaldag 25.mai. Agenda for dagen var mellom anna:

- Opplæring reinhald
- Gjennomgang rutinar i resepsjon
- Gjennomgang rutinar i kjeller

Besøktal

Opningstidene frå januar 2016:


Måndag	Skulesymjing 09-15	15:00-20:30
Tysdag		15:00-20:30
Onsdag	Morgonsymjing 06:30-08:30	12:00-20:30
Torsdag	Skulesymjing 09-15	15:00-20:30
Fredag	Morgonsymjing 06:30-08:30	12:00-20:30
Laurdag		10:00-17:00
Søndag		10:00-17:00

Timane mellom kl 12:00 og 15:00 onsdagar og fredagar er godt besøkt, og del store kundegruppene er målgrupper som eldre, småbarnsforeldre og brukarar som treng følgje.

Samla opningstid pr vøke er 63,5. Badet har normalt ope 51,5 vøketimar for offentleg bading, pluss 12 timar skulesymjing pr vøke.

Ved skulefri (vinterferie, påske, pinse, sommarferie og haustferie) er det egne opningstider. I hovudsak har helgedagar same opningstid som søndag, i sommarferien man/ on/ fre kl 10-19, dei andre dagane kl 10-17.



Det var budsjettert med 46 300 besøkande i 2016. Lustrabadet oppnådde 101% av målet med 46 538 gjester. All skulesymjing kjem i tillegg.



I juli var det mykje dårleg vær, noko som gav gode besøkstal og ny besøksrekord sommarstid; med 600 personar innom på ein dag (søndag 14.juli). Metrolog Mads Christensen Frivind, som held til på Campus i Sogndal har gjennomført eit demoprojekt der dei ser på korleis værforhold påverkar tal besøkande på badet. Resultatet frå rapporten var at sommerværet i år drog besøket opp, men fint vær i vår og tidlig på hausten drog besøket meir ned.

Nedenfor viser to modellar, der den første viser korleis været har påverka besøkstal i ulike månader i 2016. Ein ser at april, juni, september og oktober har været hatt negativ påverknad, medan juli og august har hatt positiv påverknad.

Vidare ser ein på neste modell den samla oversikta over dei ulike åra. Her ser ein at været har hatt betydeleg negativ effekt i 2013, 2014 og 2016.



Det har fortsatt vore mange positive tilbakemeldingar frå badegjester og brukarar. Tilbakemeldingane går på at gjestar er positivt overraska over kor mykje badet inneheld og kor fint og reint det er. Tilbakemeldingane me har fått når det kjem til forbetringar vurderar vi fortløpande, for så og ta tak i det som kan forbetrast. I 2016 hadde vi opningstider i feriar som fungerte godt i høve til fordeling av besøk gjennom dagane og øvrige tilbakemeldingar. Det sentrale er å finne ein god balanse i bemanning, inntekter og utgifter opp i mot det som er til de beste for våre kundar.

Badebutikk og kafé

I badebutikken fører badet badekle i ulike storleikar som kan vere vanskeleg å få i butikkar, både rimelige variantar og dyrare. Ein del personar gløymmer å ta med badetøy, handkle, såper og shampo og treng å få kjøpt dette om dei ikkje skal gjera vandreise. Andre kjøper badekle og utstyr som brukast ofte og difor må ha ein betre kvalitet. Lustrabadet har ei innkjøpsavtale gjennom Badelandene, og bruker i tillegg Aquarapid som leverandør.

Ein registrerer at mange tilreisande gjester i helg og ferie kjem frå andre stader enn Luster, og at det er ein tendens at dei vert verande store delar av dagen i badet, der ein aktivt nyttar kafe-tilbodet. Det er viktig at gjester som oppheld seg i badet over lengre tid har tilgang til mat og drikk for å unngå dehydrering og for trivselen ved besøk i badet. Det har vore gjennomført lite oppgradering av kafe i løpet av 2016, og det jobbast med gode idear for utbetring og fornying i tida framover.

Sidan hausten 2016 har ein tilsett fått rolla som resepsjonsansvarleg, med hovudansvaret for å forbetre rutinar i kafé og resepsjon, samt utvikle produkttilbodet i kaféen og i badebutikken.

Aktivitet 2016

Det er laga eit aktivitetshjul der ein registrerer ulike aktivitetar med erfaringar og detaljer om gjennomføring, som får neste års arbeid til å bli lettare. Nokre av dei arrangerte aktivitetane: Badedisco, Taco-fredag og påskeeggjakt. 19. februar var det kvalifisering til NM i sklie i Lustrabadet. Hausten 2016 hadde vi frå den 15.-30. august fokus på studentar, med studentdag på badet og stand for Lustrabadet på opningsdagen av skuleåret i Sogndal.

Ein av de store nyheitene frå 2015 var Damenenes Aften. Eit samarbeid mellom Lustrabadet, Luster Sparebank, Gaupnetunet Hotell og 4 ulike spa- og massasjeterapeutar. Arrangementet var kun for damer, og på programmet stod tapas, vin og foredrag. Gjestene hadde muligheiten til å kjøpe spa-behandling til spesialpris, og gjere seg kjent med allsidig helsefremjande tilbod ein har i området. Tilbakemeldingane var einssidig positive og nytt arrangement har vore etterlyst sidan då. Planen var å arrangere fire arrangement av denne typen årleg. To "Damenenes Aften" og to "Kara-kveldar". Damenenes aften våren og hausten 2016 blei avlyst på grunn av for få påmelde.

Det har vore storinnrykk på Lustrabadet under ulike arrangement som Lerum Cup (nesten 1000 besøkande i løpet av laurdag/søndag), Gaupne Korpsfestival og mykje matsal på Lustradagane. Vi har og hatt besøk av 70 deltakerar frå EVCI, som arrangerer ungdoms-camp for 11-åringar frå heile verda, med base i Kaupanger.

Skulane i Luster har fått bruke bassenga fast 2 dagar à 6 timar i veka. Skulane har sjølve har hatt ansvaret for organiseringa av fordeling av tid. Skulane har sjølv ansvaret for tryggleik i denne tida.

Det er fleire grupper som har aktivitet i Lustrabadet spreidd utover ulike kvardagar. Vi kan nemne LHL, Revmatikkarar, Frisklivssentralen, Sogneprodukt, babysymjning og Symjegruppa IL Bjørn. Desse reserverar forskjellige deler av badet og har i stor grad eigenorganisert aktivitet. Frå april og fram til jula 2016 var symjegruppa i Sogndal med på treningane til Bjørn IL, fordi symjehallen i Sogndal var stengd frå april-september.

Det er etablert intern livredningsinstruktør som tilbyr livredningskurs til ansvarlege i badet, både tilsette, lærarar og andre.

Marknadsføring

Det vart i januar 2015 engasjert ei ungdomsbedrift for å oppgradere heimeside, lage annonsar, ta bilete, lage filmsnuttar, plakatar osv. Heimesida vart lansert i juli 2016. Lustrabadet har også fått satt i gong ein Instagram-konto, med fine bilete som presenterer badet.

Facebook blei flittig brukt til marknadsføring gjennom heile året. Her blei oppstart av aktivitetar, konkurransar og nyhende ved badet annonsert. Innlegg her har hatt opptil 12000 lesarar og vore ein god kanal for badet til å nå ut på ein rimeleg måte. Digitale annonsar på nett er også nytta. Det er vidare laga ein avtale med Campus i Sogndal om å nytte TV-skjermar i området til marknadsføring.

Andre kanalar for å nå ut med informasjon til aktuelle gjester har vore annonser i Sogn Avis, Det Skjer, Facebook, heimeside, kinoreklame og innlegg i papirmedia. I tillegg har ein hatt plakatar på aktuelle stader der dei ulike brukargruppene held til. Det har òg vore fleire medieoppslag i både Sogn Avis og NRK Sogn og Fjordane som har gitt positiv marknadsføring for badet.

Det blei i 2015 inngått eit Lustrabadet samarbeid med Visit Sognefjord om å drive turistkontor i resepsjonslokalet. Ein fekk god marknadsføring i turistbrosjyrer og skilting, samt auka trafikk inn i badet pga turistar som oppsøker turistinformasjonen. Denne avtalen vart vidareført til sommaren 2016, då som ein ubemanna turistinformasjon.

Ved rekruttering har NAV, Luster kommune, heimeside og Facebook vore nytta som kanalar.

Lustrabadet, Sogn Skisenter og Pyramiden har eit felles prosjekt der ein reklamerar for kvarandre via tv-skjermar på dei tre plassane.

Lustrabadet er medlem i interesseorganisasjonen Badelandene, og er via medlemskapet synlege i deira marknadsføringskanalar, samt kan bruke kampanjemateriell utarbeida av dei. Badelandene køyrer ulike kampanjar digitalt, på web og på radio, og er aktive på facebook.

Sponsor

I tillegg til det store bidraget Luster Kommune årleg gir Lustrabadet, har Lustrabadet to sponsorar; Luster Sparebank og Luster Energiverk.

Helse, miljø og tryggleik

SKADER/ULYKKER: Badevertane har rapportert 25 hendingar i løpet av 2016. Dei har blitt karakterisert etter alvorsgrad:

- Alvorsgrad låg 20 hendingar
- Alvorsgrad middels 4 hendingar
- Alvorsgrad høg 1 hending

Hendingar av låg rad var stort sett plastring av tær og føter som vart skrapa opp.

Typiske hendingar av middels grad var dehydrering, fallskader, brannskader i badstua.

Hendinga av høg grad var ein vaksen person ikkje kunne symje, som gjekk ut på djupet i idrettsbassenget. Hendinga vart observert og klarert.

Brann: Ingen hendingar i 2016

Trakassering og uønska åtferd: Ikkje registrert hendingar, men tilsette er spesielt årvakne på risikoen, og føl raskt opp potensielle unaturlege situasjonar.

Teknisk drift og bygg

Det tekniske anlegget har fungert etter hensikt, men vi merker slitasjen på deler, og kostnadene ved vedlikehald har auka noko.

Byggmessige utfordringar har dukka opp i løpet av året, med lause fuger og fliser, i forskjellige delar av anlegget. Det har blitt skifta fliser på ulike deler av bygget; Både i kafeen, ute i bassengområdet og ved garderobar. Etter haustferien måtte ein stenge terapibassenget og grotta i 3 veker, for å skifte fliser.

I mars blei Grotta og barnebassenget skifta lys på. I mai vart lyset i idrettsbassenget skifta.

Styret har gltt innspel på desse utbetringane:

- Kamera ved grotta
- Alarm/lys ved utekulpane
- Det vart sendt ei anbefaling til kommunen om og setje av pengar i budsjettet for 2017 til å utvikle delar av unyttta areal i kjellaren på Lustrabadet til møterom

Bygget har eit komplisert klima, der fuktighet og klor påverkar materiale. Dette medfører både utfordringar rundt rust og etter kvart høgare jamlege vedlikehalds- og reinhaldskostnader.

Strategiplan

Arbeid med ny strategiplan vart starta opp i 2014. Det har vore tunge og gode prosessar rundt dette arbeidet, som blei avslutta hausten 2015. Det er laga ei rekkje tiltak for dei ulike målgruppene til badet, i tillegg til tiltak for vidare rasjonell organisering og drift av badet. Strategiplanen, og spesielt tiltaksplan, har vore oppe til revidering vår og haust 2016.

Utfordringar

Å vidareutvikle gode rutinar som fungerer er noko leiinga og styret har hatt stor fokus på og som vil alltid være eit tema som må vurderast. Reinhald har vore ei utfordring då eit badeanlegg har eit klima som treng mykje reinhald og metodane har vore fysisk krevjande. Hausten 2015 gjekk badet til innkjøp av dampmaskiner for å betre og effektivisere reinhaldsmetodane. Vurderinga så langt er positiv. Dei tilsette nemner dette som ein viktig grunn for at belastningane ved jobben ikkje blir for høg. Metoden gjev belydeleg mindre fysisk påkjenning for tilsette, mindre bruk av kjemikalier og verneutstyr, samt at damp fungerer på område me ikkje har funne gode løysningar på tidlegare.

Reinhold av vindauge og «rustfritt» stål er framleis ei spesiell utfordring. I sommar vart rustfjerning satt inn igjen som ei ukentleg rutine, og ein kan sjå gode resultat av dette. Dette er ressursmessig krevjande, og medfører samstundes at andre rutiner må nedprioriterast.

Det vert arbeida jamt med forbetningsarbeid. Det er ein utfordring å implementere nye rutinar i ein organisasjon med stor grad av deltidsstillingar.

Det har vore ei stor utfordring å halde leiars arbeidstid på eit akseptablet nivå. Det har i tillegg vore manglande kontinuitet i leiinga grunna permisjonar. Det vert arbeidd med å gå frå manuelle til automatiske prosessar for å auke kapasitet. Det er også utfordrande å ha tilstrekkeleg kapasitet til å fylgje opp dei strategiske elementa i arbeidet. Resepsjonsansvarlig har som eit prøveprosjekt hausten 2016 avlasta dagleg leiar med ein del administrative oppgåver. Det har sommaren 2016 også vore satt inn vikar for teknisk leiar på ulike vekentlege oppgåver, mens teknisk leiar hadde sommarferie.

Rekneskap 2016

Resultatet viser eit rekneskapsmessig mindreforbruk/overskot på kr 461 924.

På inntektssida er differansen opp i mot budsjett, litt over ein million meir i inntekter ein budsjettert. På kostnadssida er det eit meirforbruk på ca. 600 000,- over budsjett, noko som gjer at ein sit igjen med eit rekneskapsmessig mindreforbruk på 461 924 kr.

Moms er ikkje budsjettert og går samla sett i kr 0. I rekneskapan aukar den både utgifter og inntekter med kr 424 071. Den resterande summen på inntektssida er; Billettinntekter på 188 000 kr over budsjett, kiosk 80 000 kr over budsjett og 280 000 kr meir i refusjon fødselspengar enn budsjettert.

På kostnadssida ser ein eit meirforbruk på 167 618 kr på lønnskostnadar. Totalsum lønnskostnadar vil vere lågare enn budsjettert om du trekk ifrå refusjon fødselspengar på inntektssida.

Dei kontoane med dei største kostnadane utover budsjettert, er knytt til straum; 120 000 kr over budsjett, og kommunale eigedomsavgifter; 60 000 kr over budsjett. Samtidig har ein hatt ein større sum til overs på marknadsføring og annonse kontoane som balanserer ut dei auka kostnadane.

Kiosk har også hatt større utgifter enn budsjettert, men det heng i hop med at ein også hatt større inntekter enn budsjettert. Det har også vore ein buffer på vedlikehaldskontoane. Vedlikehaldskontoane er lagt på same nivå for 2017, då ein forventar ei auke i vedlikehaldskostnadar, då anlegget rundar 5 år hausten 2017, og det det vil vere behov for mykje utskifting og vedlikehald på utstyr.

I 2015 var 162 000 kr av dei reduserte personalkostnadene knytt opp mot premieavvik på pensjon. Premieavvik blir ikkje avklara før året er omme, og er knytt opp mot ei rekkje eksterne rammevilkår. Styret påpeikar at det frå år til år er store variasjonar i premieavvik på pensjon, og desse kan vere både positive og negative. I 2016 var det eit negativt avvik som medførte ein kostnad på 52 000 kr under sosiale kostnadar.

Lustrabadet har i 2016 fortsett å ha fokus på å samarbeide med ulike arrangement i området, som har hatt positiv innverknad på besøkstala.

Det er to større kostnader som er påløpt i 2016, men som grunna manglande periodisering vil kome på 2017. Tidlegare opptent ferie på dagleg leiar vart overført og tatt ut i starten på 2017. I tillegg hadde vikarierande teknisk sjef opparbeidd eit større tal timar som vart avspasert i 2017, etter at han hadde gått inn i ordnær turnus igjen. Kostnader for vikar for tidlegare opparbeidde rettigheter, med uttak i 2017 utgjer samla rundt kr. 60.000. Vidare har straumleverandør gjeve kreditnota på tidlegare

betalt for mykje straum to ganger. Dette medførte ein ekstra faktura i starten på 2017 på om lag kr 70.000. Det er samla kostnader på 130.000 kr som vart generert i 2016, men betalt i 2017. Ein vil her nytte avsetningar frå 2016 til å betale desse kostnadene, då dei ikkje er budsjetterte.

Konklusjon

Samla sett meiner styret at det er ei god og stabil drift på Lustrabadet, der grunnlag for vidare utvikling av badet er tilstades.

Gaupne, 27.mars 2017

Terje Bakke Nævdal

Styreleiar

Olaug Høyheim

Nestleiar

Ingar Norberg

Styremedlem

Anja Fardal

Styremedlem

Linda Goldmann

Styremedlem

Gunn Mari Asebø

Dagleg leiar